

# **SAMARBEIDSAVTALE OG VEDTEKTER FOR MELLOMBELS FELLES OPPREISINGSORDNING I SOGN OG FJORDANE**

*Kommunal oppreisingsordning for barn som vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt  
medan dei var under kommunal omsorg før 1. januar 1993.*

## ***I. SAMARBEIDSAVTALE:***

Kommunar i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune som deltek i og er forplikta etter denne oppreisingsordninga, omtalast i det følgjande som ”deltakarkommunane”.

Deltakarkommunar er:

Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen ,  
Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal,  
Solund, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Oppreisingsordninga er organisert som eit frivillig samarbeid utan heimel i lov.

Deltakarkommunane oppretter ei kommunal oppreisingsordning. Ordninga gjeld personar som har vore plassert utanfor heimen, i institusjon, skuleheim, spesialskule eller fosterheim av dei samarbeidande kommunane, i og utanfor fylket. I særlege tilfelle kan det gjerast unntak frå plasseringsprinsippet i samråd med kommunen saka er retta mot. Dersom kommunetilknytninga er uklar, avgjer oppreisingsutvalet i samråd med dei aktuelle kommunar kravet er retta mot, kva for kommune som skal ha oppreisingsansvaret.

### ***§ 1 Føremål***

Deltakarkommunane ønskjer med denne oppreisingsordninga å ta eit moralsk ansvar for, og gi ei oppreisning og ei orsaking utan atterhald til, personar som då dei var barn vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon, fosterheim eller under anna plassering av deltakarkommunane i perioden før 1. januar 1993.

Oppreisning skal ikkje vurderast med grunnlag i juridisk ansvar.

### ***§ 2 Overføring av oppgåver og mynde til fylkeskommunen***

Fylkeskommunen har ansvaret for drifta av oppreisingsordninga, herunder ansvaret for sekretariatet for oppreisingsutvalet.

Deltakarkommunane har overført til fylkeskommunen mynde til å førebu og ta avgjerd i oppreisingsssakene frå det tidspunktet ordninga trer i kraft. Fylkeskommunen har lagt avgjerdsmynde til eit oppreisingsutval, jf. § 4.

Den aktuelle deltakarkommunen skal ha orientering om søknader som er innkomne og om vedtak som vert gjort i oppreisingsutvalet.

### ***§ 3 Økonomisk oppgjer mellom fylkeskommunen og øvrige deltakarkommunar***

3.1 Deltakarkommunane skal dekkje utgiftene ved oppreisingsordninga slik:

- a) Utbetaling av heile oppreisingsbeløpet til personar som kommunen har ansvaret for fram til 01.01.1980.
- b) Utbetaling av 50% av oppreisingsbeløpet til personar som kommunen og fylkeskommunen har delt ansvar for frå 01.01.1980 til 01.01.1993.
- c) Dekking av personar sine evt. utgifter til advokatbistand.
- d) Dekking etter rekning av sekretariatet sine utgifter til handsaming av saken, herunder løn inkl. sosiale kostnader, reiseutgifter og tilsvarande.
- e) Dekking etter rekning av oppreisingsutvalet sine utgifter til handsaminga av saka.
- f) Høvesvis dekking av kostnader knytt til informasjonsarbeid og annonsering ved etablering av ordninga.

Dette skal dekke ekstrakostnader som fylkeskommunen blir påført som følge av at fylkeskommunen gjer eit arbeid på vegner av kommunane.

### 3.2 Fylkeskommunen skal dekkje utgiftene ved oppreisingsordninga slik:

- a) Utbetaling av 50% av oppreisingsbeløpet til personar som kommunen og fylkeskommunen har delt ansvaret for frå 01.01.1980 til 01.01.1993.
- b) Dekking av personar sine evt. utgifter til advokatbistand.
- c) Dekking etter rekning av oppreisingsutvalet sine utgifter til handsaming av saka.
- d) Høvesvis dekking av kostnader knytt til informasjonsarbeid og annonsering ved etablering av ordninga.

### ***§ 4 Oppreisingsutval for deltakarkommunane***

Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar eit oppreisningsutval som skal avgjere søknadane om oppreising. Utvalet skal bestå av tre medlemmar. Leiar for utvalet skal vere jurist med relevant erfaring og kompetanse. Dei øvrige medlemmane skal ha relevant erfaring og helse- og sosialfagleg kompetanse. Utvalsmedlemmar skal oppnemnast for heile perioden utvalet skal fungere.

### ***§ 5 Sekretariat for oppreisningsutvalet***

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretter eit sekretariat for oppreisningsutvalet.

Sekretariatet sørgjer for naudsynt informasjon og annonsering i samband med etablering av ordninga.

## ***II. VEDTEKTER:***

### ***§ 6 Vilkår for å søkje om kommunal oppreising***

Den felles kommunale oppreisingsordninga skal gjelde for barn som har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt medan dei var under kommunal omsorg før 1. januar 1993. Det kan gjelde personar som har vore plassert utanfor heimen, i institusjon, skuleheim, spesialskule eller fosterheim av deltakarkommunane.

Dersom ein person vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt, skal kommunal oppreising innvilgast når dette vert vurdert som rimeleg. Overgrep eller omsorgssvikt må ha skjedd før 1. januar 1993 utan avgrensing tilbake i tid.

Dersom overgrep/omsorgssvikt har skjedd etter 1.1.1993, vert søknaden oversendt den aktuelle kommune for handsaming og avgjerd.

### ***§ 7 Kriterium for utmåling av oppreisning***

Ved vurderinga av om oppreisning skal gjevast og storleiken på oppreisninga, skal det skiljast mellom aktive overgrepshandlingar, dvs. konkrete ulovlige og straffbare handlingar, og det som kan kallast passive handlingar, dvs. omsorgssvikt.

#### Overgrep

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for seksuelle overgrep eller grov psykisk eller fysisk vold, ytast ei oppreisning på 725.000 kroner. Det same gjeld for dei som har vore utsett for gjentekne overgrep, herunder ein tilstand som kan karakteriserast som vedvarande barneslavarbeid.

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for andre overgrep, ytast ei oppreisning på 500.000 kroner.

#### Omsorgssvikt

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for omsorgssvikt, ytast ei oppreisning på 300.000 kroner.

Dersom omsorgssvikten vert vurdert som så omfattande og påført over så lang tid at skadeverknadane vurderast som ekstraordinære, kan høgare oppreisningsbeløp innvilgast.

#### Felles for overgrep og omsorgssvikt

Søkjarar som får tilkjent ei oppreisning for å ha vore utsett for overgrep, kan ikkje i tillegg få oppreisning for omsorgssvikt.

Oppreisning ytast ikkje med utgangspunkt i juridisk ansvar for økonomisk tap.

Det skal etter oppreisingsutvalet si skjønnsmessige vurdering gjerast frådrag i oppreisningsbeløpet for beløp etter dagens verdi som allereie måtte vere utbetalt som erstatning eller oppreisning frå andre kommunar eller frå plasseringskommunen, når søknaden om kommunal oppreisning gjeld dei same forhold det tidligare er utbetalt erstatning eller oppreisning for.

Oppreisning ytast til den som sjølv har søkt om det. Dersom søkjar dør etter at søknaden er innlevert, skal søknaden likevel realitetsbehandlast. Oppreisning som innvilgast etter søkjars død tilfell dei etterlatne i samsvar med fordelingsprinsippa i Arvelova.

Det skal ikkje gjerast frådrag for innvilga erstatning etter Stortinget si utvida og tilpassa vederlagsordning.

### ***§ 8 Sakshandsaming***

#### 8.1 Sakshandsaming i sekretariatet:

Kva for personar som kan søkje om kommunal oppreisning framgår av § 6.

Søknad om oppreising skal framsettast for oppreisingsutvalet sitt sekretariat v/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Søknaden må framsettast skriftleg, fortrinnsvis på fastsett skjema, og innehalde namn, adresse og personnummer. Vidare må søknaden beskrive dei forhold som ligg til grunn for kravet om oppreising. Sekretariatet skal gi naudsynt rettleiing og hjelp til søkjarane til utforming av søknadane. Med søknaden bør følgje relevant dokumentasjon.

Sekretariatet kan be søkjarane om supplerande opplysningar, dersom det er naudsynt for å sikre at søknaden blir godt nok opplyst til at det er forsvarleg å treffe vedtak.

Sekretariatet skal samarbeide med deltakarkommunen for å få inn naudsynte opplysningar. Kommunen skal ha høve til å gi sine merknader til søknaden snarast mogleg og seinast innan ein frist på 6 veker.

Ved vurderinga av søknaden skal det gjennomførast ei vurdering av den dokumentasjon som ligg føre i saken. Det må i utgangspunktet krevjast klar sannsynleggjering for at utvalet skal legge til grunn at søkjar har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt. Ved den skjønnsmessige vurderinga utvalet her må foreta, skal søkjar si eiga forklaring tillegkast stor vekt, sjølv om det ikkje er andre bevis som understøttar denne forklaringa.

Sekretariatet kan, i samråd med deltakarkommunen, i særlege tilfelle innvilge dekking av utgifter til advokatbistand eller annan fagleg bistand for å få utarbeidd søknaden.

Sekretariatet førebur søknadane, og avgir grunngjeven innstilling til oppreisingsutvalet.

#### 8.2 Sakshandsaming i oppreisingsutvalet:

Avgjersler skjer ved fleirtalsvedtak i utvalet.

Utvalet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmane er til stades. Dersom røystene står likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Oppreisingsutvalet held møte etter innkalling frå leiaren av utvalet. Møta er lukka. Det skal først protokoll frå møta, og vedtaka skal grunngjevast.

Oppreisingsutvalet skal avvise søknader som fell utanfor ordninga.

Handsamingstida skal normalt ikkje overstige 6 månader.

Etter at oppreisingsbeløpet er fastsett, er det eit vilkår for endeleg innvilging og utbetaling av oppreising at søkjar skriftleg forpliktar seg til ikkje å gå til søksmål mot deltakarkommunane for same forhold som det er innvilga oppreising for.

#### **§ 9 Klage**

Oppreisingsutvalet sine vedtak kan påklagast til respektive kommune sitt faste klageorgan, jf. forvaltningslova, § 28, 2. ledd. Administrasjonen i kommunen er sekretariat for klageorganet.

Klagehandsaminga skal følgje reglane i forvaltningslova, kap. VI, så langt dei passar.

Klage skal framsetjast overfor oppreisingsutvalet, som handsamar klaga som underinstans før den vert oversendt til vedkomande kommune/fylkeskommunen.

***§ 10 Frist for framsetting av søknad***

Søknader om kommunal oppreising må framsettast innan to år frå den dato oppreisingsutvalet kunngjer at dei tek imot søknader. Etter dette fell ordninga bort.

Oppreisingsutvalet held fram sitt arbeid inntil alle søknadane som er innkomen innan søknadsfristen, er handsama, i utgangspunktet maksimalt inntil 6 månader etter opphøyr av ordninga.